

Nyttige namn og nummer

**Lokallag**  
Begaljom spel- og dansarlag  
Emedal spel- og dansarlag  
Valdreskvetven spel- og dansarlag  
Valdreslaget i Oslo  
V. Stidre folkemusikk- og danselag  
Vårflammen spel- og dansarlag  
Øystre Stidre spel- og dansarlag

**Valdres folkemusikklag**

Leiar  
Styremedlemmer:  
Låt o' Link, redaksjon  
VFAS, -styrelatar  
- dagleg leiar  
- medarbeidar

**Andre**

Valdres folkemusikkartiv  
Instrumentverkstaden  
Austmorsk folkemusikksepter  
Folkemusikk - redaktør  
FolkOrg, dagleg leiar

**Leiar/kontaktperson**  
Tor Morten Røhr 61 34 63 35  
Bergfjot Hedda Lunde  
Ingrid Skavhaug  
Heidi Eck  
Randi Før 61 34 42 10  
Unni Myrheim 61 16 12 76  
Magne Olav Selland  
**Telefon**  
Ivar k Hemsing 481 28 610  
Magne Olav Selland, Gunnhild Nørsterud og Frode Rolandsgard  
Styret i Vfl og Oddrun Hegge  
Ariata Nodland 917 69 023  
Stran Roland 61 36 46 71 (a)  
Ina Solvin 61 36 46 71 (a)  
Elisabeth Kværne 61 35 99 32 (a)  
Knut Ophemsbakken 61 35 99 30 (a)  
Bente Hemsing 971 52 445  
Knut Aastad Bråten 907 68 797  
Linda Dymes 22 00 56 90(a)

**Mobiletelefon**  
913 34 985  
990 37 541  
990 09 509  
402 30 165  
915 77 695  
970 90 012  
934 19 294

**F-post**  
formtohr@hotmail.no  
bhedda@hotmail.com  
ingrid@kongesliten.no  
heidieck@gmail.com  
randfoer@online.no  
unni.myrheim@hotmail.com  
magneolavselland@hotmail.com  
hemsing@c21.net  
Frode Rolandsgard  
post@valdresfolkemusikklag.no  
v-ant-ro@online.no  
post@hilme.no  
leiar@strunkeveke.no

elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no  
knut.ophemsbakken@valdres.museum.no  
bente@folkemusikk.no  
linda@folkemusikk.no

# LÅT O' LINK


Nummer 2  
Oktober 2011  
Årgang 21



Sindre Trønrad frå øvinga i juniorlaget.  
Øyvind Lie har her skikkeleg fart på bogehanda.  
Foto: Frode Rolandsgard.

Inne i bladet:

- ◆ Vellukka Jørn Hilme-stemme
- ◆ Stor aktivitet i laga
- ◆ Nytt av året: Vangsleik
- ◆ Kva skjer på Valdres scene



# B

RETURADRESSE:

## LEIARENS LØGNE HJØRNA:

Ein heftig sumar går over i historia, med mange minner. Vassmangelen har vore minimal hjå dei aller fleste, det er eit godt minne, – men mange har nok diverre fått mykje meir vatn enn dei hadde lyst på.

Andre er kjempelofnøygde, men av heilt andre grunnar. – Dei har nådd sine mål eller langt overgått det dei håpa, på landskappleik og andre stemne der dei forførde domarane med si sceneframferd slik at dei no er stolte eigarar av pokalar og æresbevisningar ..... vel forjent. Andre, – som feks. Jan Beitohaugen Granli, gjorde noko som ikkje gjekk inn hjå domarane.

Likevel godt at desse prøver å gå nye spor, eller strevar vidare fram og opp. Dei gjev mange av oss opplevingar me ikkje vil vera forutan. Året gav dermed mange Valdrisar som eg òg ynskjer å helse til – GRATULERER, stå på framover!

Efter påske starta Jan opp med unge felespelarar som møtest til øving, mat og sosialt samvære ein kveld i månaden. Valdres Juniorspелеmannslag var i gang og har delteke på kappleik i sumar. I haust samla langleikspelarane seg i tilsvarande juniorlag, eller langleikspel-lag, same dag som felespelarane, og dermed vart ungdomsflokken rundt matbordet i pausa dobbelt så stor og triveleg. Dermed kom tanken om å knyte fleire folkemusikkaktivitetar for ungdom til denne øvingskvelden, f.eks dans og torader, gje komande kappleiksdeltakarar frå Valdres eit godt fellesskap over kommune- og aktivitetsgrensar. Styret i Vll er nok berre i startgropa, men tanken er positivt motteken blant fleire av instruktørane.

Årets Jørn Hlime-stemme og Strunkeveko har økonomisk gått betre enn fjoråret. Likevel trengs det stødig styring og nøkterne planer framover.

Festsalen på museet var ikkje overfylt måndag 26. september, men det kom fram ei mengd med vanvittige idar, – sume trur eg til og med kan prøvast!

Eit viktig signal kom fram: Jørn Hlime-stemme MÅ syne meir i bygdebyen Fagernes i framtida. Det bør ikkje gå an å kjøyre gjennom utan å få med seg at her føreregår kultur, på mange plan.

Mø talast – myh

Ivar k Hemsing

### LÅT O' LINK

Låt o' Link er eit fritisstående folkemusiktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag. Idar, ei god historie eller anna stoff, kan du sende til Valdres folkemusikklag, Tynnvegen 27, 2900 Fagermes. Merk e-postane eller konvoluttane med «Låt o' Link». Opplag: 380

## DANSEN BONDE – KORLEIS VAR HAN EIGENTLEG?


Det spørsmålet har Stian Roland prøvd å svara på i

**masteravhandlinga si om rekonstruksjon av dansen bonde – dansen som er Valdres' svar på gangaren. Onsdag 26. oktober held han foredrag i Vennelaget for Valdres Folkemuseum og gir ei innføring i korleis han arbeidde med dansen.**

I arbeidet hadde Stian Roland kontakt med fleire eldre som hugsa å ha sett bonden då han enno var noko i bruk. Dessutan hadde han tilgang til nokre filmopptak som han òg vil vise denne kvelden. Eit godt utgangspunkt var dessutan rekonstruksjonsarbeidet som Helge Gudheim og fleire gjorde på 70-talet.

Stian Roland er sjølv ein av dei fremste tradisjonsdansarane i Valdres, og saman med kona Tone Voldhaug har han vunne fyrstepremie i dans på Landskappleiken fleire gonger med valdresspringar, men dei har òg gjort det godt med den rekonstruerte forma av dansen bonde.

– Med masteroppgåva om bonden ville eg tilføre fagetlet ny kunnskap og metode for rekonstruksjon, og finne fram til ny kunnskap kring bondedansen og rekonstruere ei form av dansen som tradisjonsmiljøet kan ha glede av, seier Stian Roland.



Foredraget er i festsalen på Valdres Folkemuseum onsdag 26. oktober kl. 19. Etter foredraget blir det servering og høve til å svinge seg på dansegolvet, med bonde og annan dans. Dei som er medlemmer av Vennelaget for Valdres Folkemuseum, går inn gratis, andre betaler kr 50.

## PRIMSTAVEN

21. oktober: «Aftenstemning», Bjørnson-program med Camilla Granlien og Kristin Sevaldsen m/band.
22. oktober Ungdomsfest på Torpo Ungdomshus i Hallingdal
26. oktober Dansen bonde, kortleis var han eigentleg? Foredrag av Sian Roland, Valdres Folkemuseum
29. oktober Osløkappleik, jamfr. Valdreslaget
29. oktober Arefest for Knut Steinrud, Solhaug
5. november Lått o“ Leven, Øystre Slidre spel- og dansarlag
12. november «Vangsteik», konsert, prisutdeling og fest. Valdreskvelven
13. november: Gabriel Fillet og gruppa NOVGOROD
17. november Lynkurs i Bonde, på museet, Vårflaumen
19. november Yngretreff, Øystre Slidre ungdomsskule
26. november Feleseminar og raktfiskfest på Kvamshall v/ Vestre Slidre folkemusikk og danselag
2. desember Fredagsfest med julekonsert og raktfisk, Spelemannsstogo, Øystre Slidre spel- og dansarlag
3. desember Lått o“ Leven, Øystre Slidre spel- og dansarlag
5. desember Juleavslutning/springarøving, jamfr. Valdreslaget
17. desember: Julekonsert med folkemusikkgruppa Majorstuen. Medverkande: songgruppa Harmonica frå Valdres.
31. desember Nyttårsfest på Herangtunet, Øystre Slidre

## Bladet

### Folkemusikk

**Tilbod til alle valdrisar:  
99 kroner!**

**Kjøp abonnement no, og du  
får tilsendt alle utgåvene for  
2011!**



## Valdres Juniorspелеmannslag



Foto: Pølsekokaren frå Hauge. (Frode Rolandsgard)

på samlingane, og me har fått ein sær sers røynd pølsekokar frå Hauge i Vestre Slidre til å kokkelerer for oss.

### «Valdres Juniorlangeleikspel-lag»



Foto: Pølsekokaren frå Hauge. (Frode Rolandsgard)

rekrutterar frå 10-11 års alder var uimotståeleg.

Instruktørane vil variere, og dei privilegerte som har fått tilbodet så langt er Knut og Ole Aa. Bråten, Elisabeth Kværne, Ingvild Lie og Gyda Grøndalen Hoffmann.

**.. og meir kjem.** Jamfr. «leiarrens løgne hjørna» side 2, så har fleire lyst til å fri til pølsekokaren frå Hauge. Kanskje er eit «Valdres Junior-toraderspelarlag» ein idé? Det dansande har alt eit tilbod berre datoane blir samantfallande. **.. Fylg med, fylg med..**

## DRØMMESTIPENDET




I vår vart det delt ut draumestipend, mellom anna til **Sivert Holmen** for å fylgje opp draumen som hardingfelespelar, og til **Ole Kristian Fredriksen** som drøymer om å utvikle toradermusikken sin endå meir. Låt o' Link gratulerer prisvinnarane og ynskjer lykke til!!

På biletet ser me Holmen som her blir gratulert av kulturskulerektor Jon Gjerdal. Utdelinga skjedde under skuleårs-avslutningsfesten ved Aurdal skole. Ei genial ramme for utdellinga, heimebane for Sivert, full sal, heile Aurdal sin neste generasjon på sju kull, og dei små hallingdansarane samt springarparet gav full merksemd i salen. (Foto E. Kværne)

Ole Kristian Fredriken mottok stipendet på konsert i Heensåsn kyrkje under Sommarsymfonien i juni. Her fekk alle bevis for ei velforrent utmerking.

Foto, Nils Rogn



## BERIT PÅ PYNTEN

Neste år er det 200 år sidan Berit på Pynten vart fødd! Harald Rolandsgard har klart å finne både fødsels- og dødsdato, det står ikkje i bygdeboka.

Takk Harald!

Så då veit vi at ho kom til verda 11. desember 1812 på Bråten under Gryte i Vestre Slidre, og vart døypt i Lomen kyrkje 27. desember same år. Ho døydde på Løken 18. desember 1899, og vart gravlagd 5. januar 1900 ved Lomen kyrkje. Jordpåkaset var dagen etter. Under yrke står: Meister på Langhørpa.

Utfordringa blir no å skipe til ein minneverdig markering neste år! Kom gjerne med innspel!

Vi merker oss og at L. M. Lindeman også har jubileum neste år, han var jannaldring med Berit. Dei to treffes i alle høve i 1865, då Lindeman skreiv ned låttar etter henne.

## UNGDOMSFEST

for glade dansarar i alle aldrar

TORPO UNGDOMSHUS I HALLINGDAL 22. oktober kl 20.00.

Hallingane oppmodar valdrisane til å ta turen over åsen.

Det blir fest og moro med musikk frå «Håtb». Rusfritt og aldersgrense 8. klasse.

Inngangspengar kr 100,-, sal av enkel mat. Kontaktperson: Martin Myhr, tlf: 91194081.

## TRADISJONSDANS FOR UNGDOM STARTAR OPP ATT!

Sidan 2004 har Valdres Folkemusikklag i samarbeid med Ung i Valdres arrangert vekentlege danskurs i tradisjonsdans for ungdom i Valdres. I år som tidlegare er det Stian Roland mfl. som er instruktør. I skrivande stund er det enno ikkje avklara kva dag og tidspunkt øvinga blir, men me oppfordrar alle interesserte til å møte opp når det kjem i gang. Ta kontakt for spørsmål.

## 100 000 TIL VALDRES SCENE

I eit år har Valdres Scene arrangert konsertar du ikkje visste at du vil like. 11 flotte konsertar/framsyningar har det blitt. No stør også Norsk kulturråd konsertilbodet med eit tiskott på 100 000 kroner.

### Historikk

I 2009 vart den nasjonale arrangørordninga Den Norske Folkemusikkscena lagt ned. Bakgrunnen var eit ynske om å styrke nettverket av profesjonelle konsertarrangørar rundt om i landet. Dessutan kvilte det forventningar om at musikkmiljøa skulle samarbeide på tvers av sjangrane, om turnelegging og etablering av konsertscener.

Haussten 2010 møttest Austnorsk folkemusikkscener og fleire musikkaktørar i Valdres, for å drøfte moglegheitene for etablering av ei slik scene på Fagernes. Etter møtet var ambisjonane klare: Ei slik scene ville vi ha!

### Forankring

Ynska om styrking av konsertarrangørar finn politisk forankring i Stortingsmelding nr. 21 (2007–2008) Samspill. Her heiter det at ein: «går inn for en ny felles tilskuddsordning for arrangørar innenfor det rytmiske musikkfeltet. Den nye ordninga skal ha som formål å sikre drift og programmering for arrangørar, klubber, scener og festivaler innenfor det rytmiske feltet.»

# STRUNKEVEKO 2011

I sumnar vart den fortande Strunkeveko gjennomført på Valdres Folkehøgskule. I år hadde me 32 ungdommar frå Valdres av totalt 112 deltakarar. Saman med totalt 24 instruktørar vart det spelt og dansa i 6 dagar til ende. Me arrangerte også konsertar; blant anna «Draum» som vart framført av det nye kurset Folkemusikk i perspektiv og samspelgruppa, og sjølvstøtt avslutningsframføringa «På evenlyr» der alle elevane deltok. Strunkeveko vart jo i år litt spesiell sidan me starta opp berre to dagar etter 22. juli, men me trur likevel at me klarte å lage eit godt sumnarminne både for deltakarar og instruktørar.



*Frå Frikarakademiet som var ein del av amfiprogrammet på museet søndag ettermiddag. Foto: Ellen Persvold*

**Ministrunken 2011**  
Ministrunken hadde i år 28 deltakarar fordelt på 5 kurs. Her var det 11 Valdres-ungar. Det vart spela, dansa og leika i to heile dagar, og til slutt vart det ein knakande god konsert!

## JØRN HILME-STEMNET 2011

Jørn Hilme-stemnet kunne i år som alltid by på ei rekke flotte konsertar. Konsertane var jamt over godt besøkt. Me gjorde i år ein del endringar i programmet. Dei fleste av desse hausta me berre velord for. Mange sakna imidlertid teltet på museet, men ikkje alle.

Utan teltet vart folk meir spreidd på museumsområdet ved at gammaldansen vart flytt opp i festsalen. Dette gav ein kjensle av at det var lite folk på området, noko som faktisk ikkje var tilfelle. Publikumsstala viser at det var minst like mange inne på området i år som tidlegare år. Dansen og stemninga i husa Rogne og Skatebu var dessutan betre enn på mange år. Stemninga teltet gav nede på plassen var det likevel mange som sakna. I planlegginga fram mot 2012 blir erfaringane og tilbakemeldingane frå årets arrangement brukt for å prøve lage eit enno betre Jørn Hilme-stemme i 2012.

Velkomme att neste sumnar!

Ein fantastisk dugnadsinnsats!

*For å arrangere Jørn Hilme-stemnet er ein heilt avhengig av dugnadsinnsatsen. Folk er utruleg flinke til å stille opp og gjer ein fantastisk innsats. Tusen takk til alle saman!*

## Situasjonen i Valdres

Det er tett mellom konsertoplevingane i Valdres, særleg i sommarhalvåret. Til trass for at festivalane dreg kjende artistar innan alle sjangrar, finst det ikkje ressursar til å ta imot profesjonelle musikarar på turné elles i året.

## Valdres Scene

Det er Austrorsk folkemusikksenter som driftar tilbodet ved Valdres Scene. Strikkord for konsertane er musikk frå alle sjangrar, kvalitet, breidde og variasjon. Dagleg leiar for Austrorsk folkemusikksenter og konsertansvarleg er Bentie Hemsing.

## VALDRES SCENE

Kom på konsertar på VALDRES SCENE i festsalen ved Valdres folkemuseum! Me arrangerer konsertar du *ikkje vissste at du vil like*. For kvar konsert inviterer me festivalar, frivillige organisasjonar og kommunar til å stille som medarrangørar. Me har eit stort publikumspotensiale i Valdres gjennom alle dei frivillige som stiller opp på festivalane i sommarhalvåret, både fastbuande og hyttefolk. Me har så langt hatt 11 konsertar/framføringar på Valdres Scene sidan me etablerte scena hausten 2010, og det ser ut til at me alt har fått eit trufast og begeistra publikum. Kaféen ved museet er open og her kan ein kjøpe diverse drikke og litt biteti.

Mange etterlyser samværsdans. Etter konsertane har me prøvd å arrangere dans, og ofte har folk blitt igjen utover kvelden. Eg oppmodar lokallaga til å sjå dette både som ein møteplass og eit høve til å ta seg ein svingom. Her treng me spelmenn og frivillige til å skape eit hyggjuleg miljø ope for alle.

### Konsertar fram til juli:

- 21. oktober: «Aftenstemning», Bjørnson-program med Camilla Granlien og Kristin Sevaldsen m/band.
- 13. november: Gabriel Fiffet og gruppa NOVGORED
- 17. desember: Julekonsert med folkemusikkgruppa Majorstuen.  
Medverkande: songgruppa Harmonica frå Valdres.

### Nokre konsertar planlagt etter jul:

- 13. januar: Sudan Dudan, Marii Karlberg og Anders Røine.
- 30. januar: Babettes gjestebud med Teater Innlandet. Her blir det høve til å bestille Babettes meny i kaféen på museet før konserten.
- Februar: Jazz og Bossa Nova med Marit Sandvik (vokal), Øystein Norvoll (gitar) frå Tromsø og Roy Nikolaisen (trompet) frå Gjøvik.
- Mars: Songsekstetten Nordic Voices og møte med samtidskomponisten Lasse Thoresen. Fleire konsertar er under planlegging utover våren.

Velkomen til Valdres Scene!

## SOLVEIG HÅRDNES

### HAR SAGT OPP SOM DAGLEG

### LEIAR I VFAS

Solveig kom inn som heilårstilsett for Valdres Folkemusikklag for om lag 11 år sidan. Ho vart ein frisk pust for organisasjonen, ein målretta, arbeidsam arbeidstakar frå Østerdalen, både skjerpande og inspirerande for tilfilsvalde og frivillige. Fyrste åra var arbeidsinstruksen vid, han omfatta både Jørn Hilme-stemnet, Strunkeveko og ein liten administrativ del for Valdres Folkemusikklag. Solveig har målretta og systematisk bygd stein for stein i fundamentet for Jørn Hilme-stemnet, som voks seg mykje større og meir profesjonelt i den tida ho var leiari. I dag er administrasjonen dessutan utvida frå ein til to tilsette.

Ho er ein flott ambassadør for folkemusikken, både som talskvinne for den levande kulturarven, i fritid på teaterscena, med fela under haka eller i spretten dans, som medlem av Frikar eller i samarbeid med andre kunstnarar. Såleis er ikkje Solveig arbeidslaus fordi om ho seier opp i Valdres Folkemusikkarrangement. Under Strunkeveko i sumar var ho ein av lærarane på kurset folkedanstear, og både lokalt og nasjonalt skal me veta å nytte den ressursen ho er!

Syrra i Valdres Folkemusikklag, Jørn Hilme-stemnet, Strunkeveko, Låto“Link, kollegaer og frivillige vil takke for samarbeidet i ei årrekke og ynskje lykke til med andre arbeidsoppdrag.

*Annia Nodlund (VFas), Ivar Hemsing (TJ), Stian Roland (for dei tilsette)*

### Dei tilsette i Valdres Folkemusikkarrangement

Dagleg leiari for Valdres Folkemusikkarrangement er no Stian Roland, etter at Solveig Hårdnes har sagt opp stillinga si etter eit års permisjon. Stian har hovudansvar for Jørn Hilme-stemnet, medan Ina Solvin har hovudansvar for Strunkeveko.



Foto: Nils Rogn

**Program for Vangsteiken:**  
kl 18.00 Vangsteik  
kl 19.30 Konsert med TRE  
kl 20.30 Prisutdeling og dans  
Ca kl 24.00 Slutt

Ingang konsert og fest:  
Voksne: kr.100,- Barn og detrakere på Vangsteiken: Gratis.

#### Øvingskvellar i Spelemannslaget:

- 6. oktober
- 19. oktober
- 2. november
- 9. november – me spelar til dans på springarøving på Grendekaféen i Slidre!
- 24. november

Anna

- laurdag 12. november – me spelar til dans på Vangsteiken på Åsvang
- laurdag 26. november – feleseminar med Jan Beitohaugen Granli og mønstringkonsert/rakfiskfest på Kvamshall

Hilsen Valdreskvellen spel- og dansarlag, Ingrid Skavhaug, leiari

### Vestre Slidre folkemusikk- og danselag

**DANSEØVINGAR** onsdagane 12.10., 26.10., 9.11., 23.11. på Grendekaféen i Slidre kl. 19.00.

**FELESEMINAR og RAKFISKEFEST** på Kvamshall, laurdag 26. november.

Vestre Slidre folkemusikk- og danselag inviterer til seminar med Jan Beitohaugen Granli for alle som spelar hardingfele i Valdres, og rakfiskfest med konsert av seminar deltakarane og andre.

Nærare informasjon kjem!

Eventuelle spørsmål til Laura Ellestad: [mayonaise91@hotmail.com](mailto:mayonaise91@hotmail.com)

### Logo

Vestre Slidre folkemusikk- og danselag ynskjer å arbeide fram ein logo for laget, og me treng hjelp til å finne idear! Me oppfordrar medlemar og andre interesserte til å kome med forslag. Send forslag til Laura Ellestad ([mayonaise91@hotmail.com](mailto:mayonaise91@hotmail.com)) eller Randi Før ([randfoer@online.no](mailto:randfoer@online.no))

# AKTIVITETAR I LOKALLAGA:

## Valdreskvelven

### «Vangслеik», konsert, prisutdeling og fest!

12. november blir det Vangслеik på Åsvang i Vang! Valdreskvelven spel – og dansarlag arrangerer. Det blir uformell kappleik/ mønstring med lokale utøvarar, konsert, prisutdeling, dans og fest, et arrangement for hele familien, for nær og langvegfarande publikum.

Tanken med en «Vangслеik», er å ha et lokalt arrangement hvor terskelen for å delta skal være lav. Det blir ingen dommere, men kanskje ei uformell avstemning deltakerna i mellom. Nærmere «instruks» følger ved påmelding.

Konsert med Valdresgruppa «Tre», som består av Ingvild Lie, sang og langeleik, Harald Høyvik på gitar og Lars Skattebu på harmonium og mandolin. Oddbjørn Skeie i Valdreskvelven sitt styre, skrivt blant annet dette til avisa Valdres etter en konsert med «Tre» i Volbu kyrkje i sommer:

«Folketonar frå Valdres saman med lyden av harmonium, diverse strengeinstrument og song var ramma TRE la for konserten. Ingvild Lie sin song og langeleikspel var utgangspunktet for gitaristen Harald Høyvik sine fantasifulle arrangement. Lars Skattebu var sistemann på instrumenta harmonium og mandolin. Harmonium er eit indisk tangentinstrument der ein handpumpar luft og spelar med ei hand på ei lita tangentrekke. Denne besetninga gav ein intim atmosfære, som kleddde både aktørane, musikk og kyrkje.

Mange av melodiane TRE brukte var etter Anna Fuglesteg, og var smakfullt arrangert med rytmisk kreativitet og fleirstemt song. Me fekk og mellom anna høyre nedteikna melodiar etter Andris Eivindson Vang, og melodien Kveld med tekst av Skattebu og melodi av Høyvik. Vonar det ikkje blir lenge til neste gong dei gjev lyd frå seg!»

Nå blir det anledning til å høre dem igjen, på Åsvang, 12. november!

Og høypunktene bare fortsetter ut over kvelden! For etter konserten, vil Valdreskvelven dele ut hedersprisen «Sylvfelag», til en ganske så ung kandidat denne gangen, men som likevel har gjort seg verdig til Valdreskvelven spel- og dansarlag sin hederspris, og så er han så grepa god til å spille torader! Ja, det er Tom Kjerfvi Tørstadi! Etter godord og prisutdeling blir det dans til musikk av prissvinneren & co. og til hardingfelespel av Valdreskvelven og eventuelt andre . . .

Vi håper mange finner veien til Åsvang denne kvelden, og ønsker hjertelig velkommen!

## Valdreslaget i Oslo

Det blir forjulsstur til

Buvollen søndag 11. desember. Det er mulighet for å hugge sitt eget juletre på Valdreslagets grunn. Vi eier 50 mål så det er nok trær å ta av!

Hyttestyret vil sørge for at hytta er varm og bålet tent utenfor. Vi steker oss pølser etc. på bålpanna. Kaffe har vi sikkert også.

De som ikke vet veien fra enten Snippen eller Kjul må ta kontakt med Hyttekomiteen. Deter skikkelig trivelig å stressse ned denne dagen i Lillomarka. Den nye vedbua er ferdig for inspeksjon og vi kan ta en støyvdans på plattformen? (Jan bl.a. spiller så fint for oss fra CD"en sin)

Velkommen!

Hilsen Hyttekomiteen v/ Liv Nystrom

### Ellers er Primstaven for høsten 2011:

- 10. oktober springarøving kl. 1930
- 24. oktober springarøving kl. 1930
- 29. oktober Oslokappleik
- 7. november springarøving kl. 1930
- 21. november springarøving kl. 1930
- 5. desember juleavslutning/springarøving kl. 1930

Vi har gode spellemenn på øvingskveldene våre, og alltid kaffe og kake i pausen. Er du i Oslo, hadde det vært hyggelig med besøk en mandagskveld i Nordahl Brunsgt. 22.

Hilsen Heidi Eek, Valdreslaget



## Øystre Slidre spel- og dansarlag

**Lått o Leven** held fram laurdagane 5.11 og 3.12, gymsalen ØSUS kl 11.00-13.00. 0-8 år.

Uformell hyggestund med folkemusikk, spel, sang og dans for dei yngre m/foreldre. Ofte får vi ein konsert også. Fruktservering.

Kontaktperson: Tove Grethe Kolstad tlf: 900 51 628.

### **Yngretreff**,

laurdag 19. november kl 11.00- 16.00, på Øystre Slidre Ungdomsskule.

Kurs i langleik, torader, fele, sang og hallingdans.

Mat: Pizza. Medlemmer i Vårflaumen eller Øystre Slidre spel- og dansarlag går gratis, andre betalar kr 100,-

Påmelding innan 14. november til Tove Grethe Kolstad tlf: 900 51 628.

### **Ærefest for Knut Steinsrud:**

Laurdag 29. oktober kl. 19.00 på Solhaug i Øystre Slidre blir det ein flott kveld med konsert og dansesest. Me vil minnast stordansaren, inspiratoren, tømme mannen og lærermeisteren Knut Steinsrud og stiller no i stand ein ærefest. Kvelden tek til med ein konsert der me vil få sjå og høyre nokre av dei beste dansarane og spellemennene i Valdres. Etter konserten blir det servering av mat, og det vil der bli høve til å kome med helsingar om nokon ynskjer det. Kvelden vil etter maten halde fram med ein skikkeleg dansesest, der drivande godt dansespel vil vere hovud-ingrediensten.

Prisen er kr 150,- og det er ikkje noko førehandspåmelding.

Dersom ein ynskjer å kome med helsingar kan det meldast til Ingvild Lie: [ingvillie@yahoo.no](mailto:ingvillie@yahoo.no) tlf: 992 95 056

### **Fredagsfest med jolekonsert og rakfisk:**

Fredag 2. desember blir årets siste fredagsfest arrangert i Spelermannstogo.

Siran Roland, Jan Beitshaugen Grani og Marit Karlberg vil halde ein liten jolekonsert fyrst, slik sikrar me jolestemningen også i år! Etter konserten blir det dans, berre avbrote av ei rakfiskspause. Kaffe, kaker og vinlotteri blir det sjølv sagt også. Konserten tek til kl. 20.00 og

kostar 100 kr (då får du rakfisk også! )

### **Nyttårsfest på Herangtunet**

Tradisjonen tru har det vore arrangert nyttårsfest på Låvin på Herangtunet i ei årrekke. Dei siste åra har festen hatt eit synkande deltakartal, men Øystre Slidre spel- og dansarlag ynskjer å skippe til fest i år også. For å få til dette, er vi avhengige av frivillige som kan hjelpe til med arrangeringa.

Så om du er interessert i å få til nyttårsfest og du trur du kan hjelpe til med fyring, pynting, rydding, sal av drikkje, dansespel e.l. ta kontakt med Ingvild Lie: [ingvillie@yahoo.no](mailto:ingvillie@yahoo.no), 992 95 056.

Øystre Slidre spel- og dansarlag ynskjer alle vel møtt!

## Begnalljom

Ein svært nøgd leiar, Tor Morten Røhn, ynskje medhjelparar frå Valdreskappleiken i vår vel møtt til etterpålåg, skalkesest, 14. okt. Det var triveleg bordseto innleidd med fellemusikk av Trygve og Torunn Bolsstad, undervegs var det underhaldning av langleikergruppa i laget, og fykande toradermusikk av Stein Ivar Øvergaard som òg inspirerte til dans.

I orienteringa om kappleiken kunne leiaren fortelja om gode tilbakemeldingar på arrangementet. Medhjelparar var positive til å stille opp, og tross fråfall i hovudnemnda under vegg, gjekk det teknisk godt. Arting er det òg å sita att med bra økonomisk overskot. Høgste ynskje for laget no er å få til toraderkurs, - om instruktør kunne finnast.

Langleikergruppa er godt i gang att med øvingar 1-2 gonger i månaden.

Feltespelarane har ikkje vore samla enda i haust, men så snart jakta er over så.

Ta kontakt med Begnalljom v/ Tor Morten Røhr for spørsmål vedr. ulike kurs og samlingar, og alle er velkomne til å bli med uansett førkunnskap.

### **Frå vårkurset**

Samling på Bagn bygdesamling under emnet «Langleiken i Sør-Aurdal» v/ Elisabeth Kværne. Langleiken har levd godt i bygda når ein får servert kavalkaden frå dei siste par hundre år med Elisabeth si innsikt og innleving. På bordet framfor Ragnhild Kolsrud t.v. står langleiken og dansedokkene som var Ragna Brenno Frydenberg sine og i dag tilhører Begnalljom. Instruktør Lise Lunde Brennhagen spelar med Håkon Rustebakke som ivrig lyar til høgre. (Foto: E. Kværne)



## Vårflaumen spel- og dansarlag

### **Lynkurs i Bonde!**

torsdag 17. november kl. 1900 på Valdres Folkemuseum, festsalen.

Instruktør: Helge Gudheim

Inngang kr. 100,-

Bonde er ein enkel dans som ikkje krev at du har dansa tidlegare!

Møt gjerne utan partner!

Dette er eit ledd i «Kulturlaupen» i Nord-Aurdal kommune.

Alle er hjarteleg velkomne